



## MØTEREFERAT

Dato: 29.09.2025

Stad: Bykle hotell

Referantar: Signe Sollien Haugå/Sigrid Bjørgum/Sonja Lien Skjevrak

### Møte:

Grunneigarar, jakt- og rettshavarar i Bykle-regionen – Sti- og løypeplan

### Til stades:

- Bjarne Lunden
- Hallvard Mosdøl
- Arvid Gjerden
- Margrethe Mosdøl
- Tor Hallvard Mosdøl
- Bente Trydal
- Sigmund Trydal
- Elisabeth Spockeli
- Silje Rognestad Nesvaag

*Bykle kommune:* Hans Blattmann, Merethe Hjeddal, Eivind Severinsen, Sigrid Bjørgum, Sonja Lien Skjevrak, Signe Sollien Haugå

## REFERAT

### 1. Opning

Ordførar ønskte velkommen og innleia om arbeidet med ny sti- og løypeplan.

Planarbeidet skjer parallelt med utforming av ny arealdel til kommuneplanen.

### 2. Orientering om planprosess

Sonja Lien Skjevrak presenterte opplegget for møtet og planprosessen. Sti- og løypeplanen vil inngå som ein del av kommuneplanen sin arealdel.

Planarbeidet følgjer Miljødirektoratet sin rettleiar Plan for friluftslivets ferdsselsårer.

Eksisterande turvegar og løyper er utgangspunkt for planlegginga.

Det vart vist til forslag til tiltaksplan for villrein som er på høyring, og andre omsyn i kommuneplanen sin arealdel. Andre viktige omsyn er til dømes beitebruk, jakt, vald og andre rettshavarar.

Orientering om innkomne innspel og forslag, og kva ein har særleg blikk på for å skape samanheng i løypenett og utfartsområde

Det er ønske om grunneigarrepresentasjon i prosjektgruppa.

Det kan vere aktuelt å utsette fristen for innspel. Informasjon om medverknad og innspelsfrist kjem på kommunen sin heimeside og i Setesdølen.

### **3. Viktige punkt fra diskusjonen**

#### **Eksisterande tur- og skiløyper**

Det er positivt med den fine Ijosløypa, vinterløypa inn Støyldalen og Dagsturhytta på Jarekollen. Vegen opp til Dagsturhytta er til dels søylete og kunne med fordel vore grusa og stelt. Vegen opp til Heitjønn er grodd til og det vart døfta om denne er veg eller utmark. I avtalen står det at kommunen kan ruste den opp, til eige bruk.

Det er ønskje om den omtala samanbindingsløypa mellom Ijosløypa og Støyldalsvegen.

Det bør skiltast betre til Dagsturhyttene både i Bykle og på Hovden, og det bør bli laga betre parkering, særleg på Hovden.

Ålmannvegen er bra, men det er viktig å avklare vedlikehald av stiar og løyper i alle samanhengar.

Byklestigen har for dårlig parkering og treng nytt infoskilt.

Parkeringsplassar i Bjørnarå er stengt på grunn av forsøpling og ikkje overhalde bandtvang.

Generelt behov for betre skilting og informasjon for å kanalisere trafikken til parkeringsplassar og turvegar/skiløyper. Viktig å informere om bandtvang og sporlaus ferdsel.

Tor Hallvard orienterte om prosjekt med kulturstiar i Bykle og tankar om å legge til rette for nærtur og gangvegar i bygda.

#### **Gang- og sykkelvegar**

Det er positivt med gang-/sykkelveg ned Øyreviksbakkane.

Det er ønskje om gang-/sykkelveg rundt Grønemyr, til Bjørnarå, frå bensinstasjonen til matbutikken, mellom tunellane og frå Grasbrok til Optestøyl. (Kommunen opplyste at desse tiltaka ligg i trafikksikringsplanen – men ikkje er blant dei prioriterte.)

Det er også ønskje om å kunne retablere og bruke den gamle Byklebrua som gang-/sykkelveg.

Sykkelrute 3 er nasjonal sykkelrute og ligg litt på sida av dette prosjektet, men noko som kommunen har jobba aktivt med i samband med RV9 –prosjektet og i lag med Statens vegvesen.

#### **Forslag til nye tur- og skiløyper**

Tursti eller tretrapp frå Lislestog til Huldreheimen.

Kulturvandring frå sentrum via Sarvsnetten til Sarvsdammen.

Turveg i nærområdet som også kan nyttast om vinteren spesielt med tanke på hund.

Gangsti frå Lislestog til det gamle posthuset – dei som bur sørøm og på oppsida av riksvegen ( trygg skuleveg).

### **DNT-løypenet**

DNT løypa frå Lisle-Hisdal til Ljosådalen er därleg merka.

Kommunen: DNT-løypene blir vurdert i forslag til tiltaksplan for villrein. Høyringsuttale blir politisk behandla av kommunestyret 30. oktober. DNT-løypene vil inngå i planarbeidet.

### **4. Val av representant til prosjektgruppa**

Representant frå Bykle-regionen: Silje Rygnestad Nesvaag

Bykle, 03.10.2025